



# Valldal Idrettslag

## Referat styremøte 14. november kl 19.30 – klubbhuset

Til stades:

Anders Rem, Silje Grønning, Anne Nygård, 1. vara Odd Lennart Vikene og 2. varamedlem Ellisiv Valdal Jarvik

Fotball v/Anett Steinnes

Friidrett - forfall

Disksport v/Richard Moen

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Forfall:

Trond Håvoll, Einar Hoel og Magne Elvind Glomnes

### 38/19 Informasjon frå grupper og styret

- Richard: 1. Lite folk på trening, 2. Skal delta på trenarkurs i Oslo, 3 Bestiller nett til bruk i hallen og 4. Terminlista er klar.
- Andreas: Fjelltrimmen er avslutta. Han har henta listene på Spar.
- Silje: Dei har hatt brannøving. Huset er jamt leigd ut.
- Jan Ole: Auka aktivitet, fint å ha snø, terminliste for vinteren
- Anett: Eit lag til futsal, grendacup 5. juledag, dei eldste i barnehagen får vere med på eit par treningar, påmelding til neste sesong, jenter til Aker stadion 24. november

Informasjon frå skipingsmøtet i Fjord idrettsråd. Det var ingen i styret som hadde vore med på skipingsmøtet. Ingen orientering i dette møtet.

### 39/19 Anlegg skiskyting og turløype/skiløype – søknad om spelemedlar

*Årsmøtet 2019 og styret har vorte informert om planar for eit skiskyttaranlegg på Krikane med tilhøyrande skiløype. Det har vore arbeidd med planane og det er aktuelt å søke om spelemedlar allereie i år. Fristen for dette er allereie 15.11.*

*Det er aktuelt å sende to søknader*

- *skiskyttaranlegg; stadion m/strafferunde, standplass og 15 skiver/sjølvvanvisarar med tak og lys. Kan få inntil 33 % spelemedlar av total kostnad*
- *Turløype/skiløype; definert som friluftslivanlegg. Kan få inntil 50 % spelemedlar av total kostnad*

*Jan Ole vil informere om planane, samtala om avtalar med grunneigarar og kostnader og finansiering. Han vil også seie litt om ei stegvise utbygging.*



# Valldal Idrettslag

*Styret må gjere vedtak dersom søknad skal sendast. Årsmøte må på eit seinare tidspunkt, ev årsmøte 2020, må gjere endeleg vedtak om oppstart av anlegg*

Jan Ole orienterte om korleis forholda er i dag, og kor mykje tid dei bruker til å rigge før og etter aktivitet. Permanent arena er viktig for å kunne bruke tida til aktiviteten. Han hadde i tillegg lagt fram ei skriftleg orientering.

Handsaming:

Styret vedtar at det vert sendt søknad på det som er spesifisert i trinn 1 i skrivet frå Jan Ole. Styret vedtar å sende søknad til Fjord kommune.

## 40/19 100 års jubileum

*Tidspunktet nærma seg... Det er om lag 200 påmeldte, kanskje litt i underkant av forventningane, men det vert bra! Programmet er i stor grad klart og det vert i kultursalen. Maten vert servert i idrettshallen. Vi får besøk av leiar i Møre og Romsdal idrettskrets, repr frå Sunnmøre Fotballkrets, repr frå Møre og Romsdal skikrets, naboklubbar, (vara)ordførar i Norddal og ordførar i Fjord, sponsorar. Alle som vert æresmedlemmar har takka ja til invitasjon og kjem (også heilt frå Danmark) Inger Aufles kjem ikkje, ho synes vegen vart litt lang, men ho sender oss ei gáve. I tillegg ein del videohelsingar frå diverse kjente personar Valldal Lions stiller opp og tek seg av matserveringa , kiosk og vakt i inngangen.*

*Men det trengs litt hjelpe fra medlemmar i idrettslaget:*

*7 personar, laurdag, ettermiddag (vi må kome tilbake til nøyaktig tid), opprigging kultursal, bord og stolar idrettshall, pådekking/pynting bord  
(Ivar Normann, Richard og Einar kan vere med på dette)*

*2 personar, laurdag 18.00 – 19.00 parkeringsvakter*

*4 personar, laurdag 18.00 – 19.00 inngang. Ta mot betaling, registrere/krysse av deltakar*

*Kanskje Trond kan ta ansvar for dette?*

*3 personar, laurdag 19.00 – 20.30, brannvakter i kultursalen*

*4 personar, laurdag ca 20.30 – 20.45, ryddar kultursalen, set opp bord og stolar  
(Liv Marit Indreeide ordnar amfiet)*

*5 personar, laurdag 21.30 – 24.00, ha eit ansvar som vakter;brannvakter under dans i Kultursalen. Desse kan vere til stades som "vanlege" gjestar, men må ha eit ansvar som brannvakt og vere "merka"*

*6 personar opprydding av bord og stolar og anna rydding, søndag 24. (tidspunkt etter nærmare avtale). Rekna med delar av jub.komite kan stille*

*Styret må gå gjennom denne lista og sette opp personar som kan hjelpe til på dei ulike oppgåvene den 23. og 24. Desse får vere med på festen (program, mat og dans).*

*Når det gjeld jubileumsboka så er den straks på veg til trykking. Det vert truleg opplag på 500 eks. Då skal den vere ferdig til jul. Sparebanken Møre har teke på seg å dekke kostnadane, føresett at prisen*



# Valldal Idrettslag

på boka vert kr 100! (100 år – 100 minner – 100 kroner) Det betyr at alt sal vert netto for idrettslaget.

## **Handsaming:**

Forslag til folk

7 personar: Ivar Normann, Richard, Einar, Andreas, Odd Lennart, Jan Ole til opprigging  
Ellisiv og Anett til pynting

2 personar: Anders og ein han plukkar ut

4 personar: Trond og kasserarane i gruppene – Cato Heggen, Therese og Geir Arne

3 personar: Anders og 2 som Anders ordner

4 personar: same som opprigging

5 personar: Anders og andre brannmenn

6 personar. Herrelaget

## **41/19 Sommararrangement 2020**

Dette vart diskutert på sist møte. Då var det forslag om å oppnemne ei gruppe på tre personar som skal kome med forslag til opplegg og ev endringar for olsokarrangement. Styret må oppnemne gruppa no og den får frist til styremøte i januar med å kome med eit forslag.

Det kan gjerne vere ei blanding av personar i og utanfor styret i ei slik gruppe

## Handsaming:

Styret legg fram forslag på fire personar i tilfelle ein ikkje vil vere med:

Therese J Moen, Børge Heggen Johansen, Monika Høydal Lingaas, Lars Tomas Håseth

## **Eventuelt**

Jan Ole har prøvd ut SPOND på skiskyttargruppa, og det fungerer godt. Han rår til at alle gruppene tek det i bruk.

Møtet slutt kl 21:15.